



Alver kommune v/Plan og byggesak  
plan og byggesak

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/18221 - 20/80845

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
18.12.2020

## Høyringsuttale frå lanbruk - arealoverføring GBNR 220/2 og 220/13

Saka gjeld søknad om arealoverføring av eit areal på 248 658 m<sup>2</sup> frå gbnr 220/2 til gbnr 220/13. Areal som skal overførast omfattar i hovudsak areal som skal inngå i drifta ved steinbrotet. DC Eikefet Aggregates AS er heimelshavar av begge eigedomane.

Areal er regulert til anna føremål enn landbruk eller ligg innanfor faresoner/sikringssoner H 390 eller H 310.

Jordlova sine bestemmelsar om omdisponering eller deling etter §§ 9 og 12 gjeld ikkje for areal som er avsett i plan til andre føremål enn landbruk eller omsynsone med tilhøyrande bestemmelsar som fastlegg faresone jf jordlova § 2 verkeområde.

Dette er i hovudsak areal som er i bruk til drift av steinknuseverket og inngår i driftsplan og sikringsone for anlegget. Arealbruken er i godkjente planar avsett til andre føremål enn landbruk og treng ikkje samtykke etter jordlova. Det er heller ikkje andre landbruksinteressert som vert råka av tiltaket.

Dette er ein del av eit konsesjonsvilkår sett i konsesjonsvedtak for kjøp av GBNR 220/2 i 2016, og landbruksavdelinga meiner det er positivt at dette vilkåret no vert følgt opp. Me har ingen merknader utover dette.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune v/Plan og byggesak